

Mellomalderlov i endring

Nyvinningar og bruksmåtar i førmoderne norske lovhandskrift

Helen F. Leslie-Jacobsen


helen.leslie@uib.no

Synnøve M. Myking

synnove.myking@uib.no

Julián E. Valle

julian.valle@uib.no



SAMANDRAG

Landslova var det fyrste lovverket som dekte heile Noreg. Lova vart innført i 1274 av kong Magnus Lagabøte, og var gjeldande i meir enn 400 år. Prosjektet undersøker korleis denne mellomalderlova endra seg gjennom heile si levetid. Det tek føre seg fylgjande aspekt:

- Handskriftskompilasjonar som inneheld landslova
- Lovomsetjingane frå norrønt til dansk på 1500-talet
- Rettarbøtene ulike herskarar gav for å oppdatere lovverket
- Revisjonen av landslova for å skapa det islandske lovverket *Jónsbók*

Forskingsspørsmål

Dei overordna forskingsspørsmåla i prosjektet er dei fylgjande:

- 1) Korleis og i kva grad speglar tidlegmoderne norske lovbøker samfunnsendringane frå reformasjonen og renessansen gjennom nyvinningar og endringar i struktur, innhald og bruk?
- 2) Korleis vart kunnskap organisert, nytta og oppdatert av lovkunnige i Noreg og på Island gjennom mellomalderen og tidleg nytid?



Kjelder og metode

Det finst kring 200 handskrift som inneheld landslova, anten på norrønt eller omsett til dansk.

Handskriftskompilasjonar

Tekstane som står saman med lova i kompilerte (eller samansette) handskrift kan indikera korleis lova vart nytta og forstått i kontekst.

Omsetjingar

Dei danske versjonane av lova vitnar både om strategiar for omsetjingar og om det historiske grunnlaget for moderne norsk lovspråk.

Rettarbøter

Rettarbøtene er endringar eller tillegg til lova, og viser korleis landslova utvikla seg til å verta eit lovverk som spegla samfunnsbehova i tidleg nytid.


Tilpassing

Landslova vart endra og kombinert med tidlegare islandsk lov for å skapa den islandske lova *Jónsbók*, som vart innført på Island i 1281.


Metodar

- Ein database av handskrift og innhaldet i dei
- Materiell filologi
- Kulturell tilnærming til mellomalderhandskrift
- Materiell tilnærming til fleirspråkleg kommunikasjon i mellomalderen
- Omsetjingsstudium

Prologen til landslova på norrønt i det eldste handskriftet, Holm Perg 34 4to, 8r, frå om lag 1300.



Prologen til landslova i omsetjing til dansk, AM 79 4to, 9v, frå 1575-1599.



BILETREFANSAR

Øvst til venstre: AM 101 4to, 60r, Den Arnamagnæanske Samling, København. Nedst til høgre: AM 79 4to, Den Arnamagnæanske Samling, København. Båe tilgjengelege på www.handrit.is. Øvst til høgre: Kungliga biblioteket, Stockholm. Tilgjengeleg på www.kb.se. Nedst i midten: Codex Hardenbergianus (Det Kongelige Bibliotek GKS 1154 2º), bilete i allemannseige.